



Til foreldre/føresette  
til barn på 4.–10. trinn

Vår ref.: Dykkar ref.:  
Hilde Brendehaug Hugaas

Stad: Bergen

25.01.2023

## Invitasjon til elevar ved skulen om å delta i ei spørjeundersøking om mobbing, venskap og trivsel

Dette er eit informasjonsbrev til foreldre/føresette om at alle elevar på 4.–10. trinn er inviterte til å delta i ei spørjeundersøking om mobbing, venskap og trivsel på skulen.

### Føremål

Undersøkinga er ein del av arbeidet skulen gjer med å skape eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar på skulen i tråd med kapittel 9A i opplæringslova og FN sin konvensjon om barn sine rettar. Undersøkinga vil gje skulen verdifull informasjon om elevane sin trivsel og tryggleik på skulen. Ho vil også gje ein pekepinn på kor godt skulen lukkast i antimobbearbeidet sitt. Dei innsamla dataa vil dessutan bli brukte i forskinga på mobbing og skulemiljøet, og til å vidareutvikle dei konkrete tiltaka som inngår i Olweusprogrammet.

Skuleeigaren er ansvarleg for gjennomføring av Olweusundersøkinga på skulen, mens NORCE er ansvarleg for forskinga.

### Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Det er Regionalt kunnskapscenter for barn og unge (RKBU Vest) som har ansvar for gjennomføringa av undersøkinga i samarbeid med skuleeigar. RKBU Vest driv forskning, undervising og kunnskapsformidling som skal bidra til å fremje psykisk helse hos barn og unge. Skulen er ein viktig arena og målgruppe for arbeidet senteret gjer med å førebyggje, avdekkje og handtere mobbing og andre krenkingar blant barn og unge. RKBU Vest er ein del av Norwegian Research Centre (NORCE) AS som er ansvarleg for prosjektet og forskingsarbeidet. NORCE er eitt av dei største uavhengige forskingsinstitutta i Noreg.

### Kvifor får barnet ditt spørsmål om å delta?

Skular som har innført *Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial åtferd*, får kvart år tilbod om å gjennomføre ei spørjeundersøking blant elevane. Dette gjeld elevar ved ca. 105 grunnskular frå heile landet. Olweusprogrammet har som føremål å redusere eksisterande mobbing i elevgruppa, samt

NORCE Norwegian Research Centre AS, Postboks 22 Nygårdstangen, 5838 Bergen, Norway

E-POST [post@norceresearch.no](mailto:post@norceresearch.no)

WEB [norceresearch.no](http://norceresearch.no)

TEL. +47 56 10 70 00

ORG.NO. 919 408 049

førebyggje framtidig mobbing. Arbeidet med å førebyggje mobbing i skulen krev ein langsiktig og systematisk innsats. Ein viktig del av dette arbeidet er å følgje med på utviklinga ved eigen skule gjennom årlege spørjeundersøkingar som elevane svarar på.

Vi behandlar opplysningar om barnet ditt fordi forskingsprosjektet er vurdert å vere av interesse for ålmenta, jf. personvernforordninga (GDPR) art. 6 nr. 1 bokstav e og art. 9 nr. 2 bokstav g. FNs konvensjon om barnet sine rettar slår fast at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar som vedkjem barn. Forsking har vist at Olweusprogrammet kan redusere mobbing i skulen ([Olweus programmet \(OBPP\) – et skoleomfattende program mot mobbing og antisosial atferd \(2. utg.\) | Ungsinn](https://ungsinn.no/post_tiltak_arkiv/olweus-programmet-obpp-2-utg/)[https://ungsinn.no/post\\_tiltak\\_arkiv/olweus-programmet-obpp-2-utg/](https://ungsinn.no/post_tiltak_arkiv/olweus-programmet-obpp-2-utg/)) og resultatata frå Olweusundersøkinga er viktig for at skulane skal kunne spisse tiltaka sine til det beste for elevane.

### **Kva inneber det for barnet ditt å delta?**

Spørjeundersøkinga blir gjennomført i skuletida. Elevane bruker PC eller nettbrett når dei svarar på undersøkinga. Tid som går med til gjennomføring avhenger av alder og leseferdigheiter, men generelt tar det mellom 20 til 40 minutt å svare på heile skjemaet.

Barnet ditt kan *ikkje* gje opp eige namn eller andre direkte identifiserbare personopplysningar i spørjeundersøkinga. Ved pålogginga til undersøkinga blir barnet ditt bede berre om å gje opp kjønn, klassetrinn og namnet på skulen.

Elevane får rettleiing frå lærar før dei byrjar å svare på undersøkinga. Skjemaet inneheld spørsmål om trivsel på skulen, talet på vener i klassen og kor ofte det førekjem mobbing blant elevane. Det er spørsmål om ulike former for mobbing, t.d. bruk av stygge ord og kallenamn, stengje nokon ute frå leik eller andre aktivitetar, spreiding av løgner, sparring/dytting/slåing, øydelegging av andre sine eigendelar og digital mobbing. I tillegg vil undersøkinga avdekkje kvar på skulen sitt område dei negative handlingane førekjem, og om elevane har fortalt om hendingane til t.d. foreldre, lærarar, søsken og vener. På RKBV Vest si heimeside [Spørjeskjema \(rkbu.norcereasearch.no\)](http://sporjeskjema.rkbu.norcereasearch.no) er det mogleg å sjå spørjeskjemaet.

Elevar på 4. trinn får nokre færre spørsmål enn elevar på 5. til 10. trinn.

### **Det er frivillig å delta**

Barnet ditt bestemmer sjølv, i samråd med foreldre/føresette om undersøkinga skal svarast på eller ikkje. Du/de kan kontakte skulen om du/de ikkje *ønskjer at barnet ditt skal delta. Det er ikkje nødvendig å grunngje kvifor barnet ikkje skal vere med. Barnet ditt kan også trekkje seg frå undersøkinga etter at ho har starta opp. Elevar som ikkje deltek i undersøkinga, vil vanlegvis få tilbod om å gjere skulearbeid i det tidsrommet som undersøkinga går føre seg, men det er skulane sjølve som avgjer korleis dette best kan ordnast.*

## **Personvernet til elevane – korleis vi oppbevarer og bruker opplysningar frå undersøkinga**

RKBU Vest vil berre bruke opplysningane som blir samla inn om elevane til dei føremåla vi har nemnt i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt, og i samsvar med personvernregelverket.

RKBU Vest bruker Nettskjema (Universitetet i Oslo) med sikker lagring i Tjenester for Sensitive Data (TSD) som plattform for datainnsamling. Når ein skule er ferdig med undersøkinga får dei tilsendt ein standardisert rapport etter at RKBU Vest har sikra at ingen elevar kan identifiserast indirekte.

Forskning er ikkje knytt opp mot data frå enkeltskular, men bruker dei samla resultata for fleire skular. Det vil ikkje bli publisert resultat frå enkeltskular. Ingen svar frå enkeltelevar vil kunne kjennast igjen i publikasjonar eller annan type formidling.

## **Kva skjer med opplysningane som er samla inn?**

Dataa som blir samla inn frå dei årlege undersøkingane blir lagra hos TSD (<https://www.uio.no/tjenester/it/forskning/sensitiv/mer-om/>) som blir drifta av USIT ved Universitetet i Oslo, og som NORCE AS har databehandlaravtale med. TSD er bygd på Norm for informasjonstryggleik i helse- og omsorgssektoren som sikrar at informasjonstryggleiken med omsyn til konfidensialitet, integritet og tilgang blir teken hand om. Namnet på skulen blir erstatta med eit nummer i datafila, og det er laga ein koplingsnøkkel på skulenivå for dette. Koplingsnøkkelen blir også lagra på den same sikre tenaren. Det er berre eit fåtal tilsette hos RKBU Vest som har tilgang til den sikre tenaren, og alle har teieplikt.

Dataa vil bli brukte i rapportane til den enkelte skule slik at dei kan følgje opp med tiltak i samsvar med korleis mobbeproblematikken utviklar seg over tid. I forskingsarbeidet ved RKBU Vest er vi opptekne av å kartleggje ei slik utvikling ved alle skular som innfører Olweusprogrammet, for å kunne seie noko av effekten av programmet på mobbing i skulen. Opplysningar som NORCE bruker til forskingsføremål, blir anonymiserte i 2042.

## **Rettar for dei som deltek i prosjektet**

Personvernlovgevinga gjev dei som deltek i undersøkingar, ei rekkje rettar (jf. art. 12-22) [Lov om behandling av personopplysninger \(personopplysningslova\) - KAPITTEL III Den registrertes rettigheter – Lovdata](#) RKBU Vest har plikt til å informere deltakarane i prosjektet om behandlinga av personopplysningar og å leggje til rette for at dei kan utøve rettane sine:

- få innsyn i kva personopplysningar som er registrerte om eleven
- få retta personopplysningar om eleven
- få sletta personopplysningar om eleven
- rett til å protestere mot behandling av personopplysningar om vedkomande
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av personopplysningar

Rettane gjeld så lenge det blir behandla personopplysningar, når det er mogleg å identifisere den registrerte eleven på ein sikker måte. I dette prosjektet er *ikkje* elevane registrerte med direkte

identifiserande opplysningar som namn, e-post eller personnummer. Dei er *berre* registrerte med bakgrunnsopplysningane skulenamn, klassetrinn og kjønn. Som hovudregel betyr dette at ein ikkje kan identifisere svar frå enkeltelevar. Om det viser seg at det er mogleg å identifisere svaret frå ein enkeltelev, vil vi hjelpe med å oppfylle rettane nemnt over til eleven.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningar om barnet ditt?**

På oppdrag frå NORCE AS har Sikt personverntenester vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.


### **Ønskjer du meir informasjon?**

For meir informasjon kan du kontakte:

- Prosjektleder Hilde Brendehaug Hugaas ved RKBV Vest  
E-post: [Hihu@norcereasearch.no](mailto:Hihu@norcereasearch.no) Tlf. 56 10 72 75
- Forskingsassistent Mariann Eidsør ved RKBV Vest  
E-post: [olweusprogrammet@norcereasearch.no](mailto:olweusprogrammet@norcereasearch.no) Tlf. 56 10 76 52
- Sikt personverntenester  
Epost: [kontakt@sikt.no](mailto:kontakt@sikt.no)
- Personvernombod NORCE AS  
E-post: [personvernombud@norcereasearch.no](mailto:personvernombud@norcereasearch.no)

Med venleg helsing

**Ann Heidi Nebb**



Senterleiar/psykologspesialist

RKBV Vest  
NORCE

**Hilde Brendehaug Hugaas**



Seniorrådgjevar  
Prosjektleder  
RKBV Vest  
NORCE